



**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**

KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA  
Fylkeskonservatoren - Kultur- og idrettsavd

Lindås kommune  
Kvernhusmyrene 20  
5914 ISDALSTØ

Att. Anne Lise Molvik

<b>LINDÅS KOMMUNE</b>	
Klassering	
27. 04. 2016	
Akk_saksnr. 15/1734	Løpenr.
Saksst.	Tilgangskode

Dato: 26.04.2016  
Vår ref.: 2015/5694-5  
Saksbehandlar: monsera  
Dykkar ref.: 15/1734 - 16/8571

## Kulturminnefagleg fråsegn - ny høyring - endra trase for avlaupsleidning - gnr 56 bnr 73 Hundvin - Lindås kommune

Viser til brev datert 30.03.2016 med ovanfor nemnde sak til fråsegn, og vår tilbakemelding etter kulturhistorisk synfaring datert 01.09.2015. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

I vårt brev datert 01.09.2015 rådde vi ifrå at det vert gitt løyve til avlaupsanlegg i området med to moglege gravhaugar frå jernalder (Askeladden id. 144952 og 144953). Vi oppmoda også søkaren til å finne alternativ plassering for anlegget. Den endra traseen for den omsøkte avlaupsleidninga er no i tråd med Hordaland fylkeskommune sine tidligare tilrådingar. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om moglege funn.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*